



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/194448-6

Dykkar referanse:

Vår dato:  
18.12.2017

### Tilleggsuttale – Frådeling – FV. 394 – Gnr. 18 bnr. 7 – Lindås

Statens vegvesen syner til vår uttale datert 30.11.2017 til søknad om frådeling på gnr. 18 bnr. 7 i Lindås kommune.

Vi var på synfaring i avkøyrsla 05.12.2017. Vi observerte at det var eit avkøyrslpunkt der, men at den ikkje var i samsvar med dei krav vi normalt stiller til utforming. Det var særleg svingradius som ikkje var oppfylt. Dette medfører eit køyremønster slik at ein ikkje oppnår tilstrekkeleg sikt i avkøyrsla. Vi la elles merke til at tilkomstvegen var svært bratt.

Etter dette fekk vi dokumentasjon frå Statsarkivet i Bergen basert på ein eldre avkøyrslsak frå 1986 – 1989 (vedlagt).

Det ser ut til at det har vore lite bruk av avkøyrsla. Vi minner derfor om at det er eit krav at avkøyrsla skal vedlikehaldast i samsvar med dei krav som er sett i løyvet. Det er vår vurdering at avkøyrsla som ligg der i dag ikkje er i samsvar med dei krav vi sette i 1989. Vi vil difor rå til at Lindås kommune ikkje gjev løyve til ny eller endra bruk før avkøyrsla er sett i forsvarleg stand i samsvar med vedtaket i 1989.

Vi ber elles om å få Lindås kommune sitt vedtak over for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



*Arkiv*

*Rebun vegkontoret*

Jnr. 527/86  
Ark.nr. 775-33  
Sak nr. 336/86  
BTA/ESy

D. 3c.



**STATENS VEGVESEN**  
HORDALAND VEGKONTOR  
SPELHAUGEN 12 — FYLLINGSDALEN  
TELEFON (05) 17 30 00  
POSTBOKS 3645 — 5033 FYLLINGSDALEN

Jorunn Kolstad  
Jutulfareet 19  
5033 FYLLINGSDALEN

**Løyve til avkjørsle frå offentleg veg.**

Grunneigar ... Andrine Hodne .....  
gnr...18.... bnr...7.... i ..... Lindås ..... kommune  
får med dette løyve til å byggja/nyttja avkjørsle frå ~~europaveg/mixveg/fylkesveg~~ 394  
~~XXXXXX~~  
Ostereidet ... Neshø.v/Toft..hp...01..km...3,061 .....

Det vert sett følgjande vilkår for løyvet:

1. Avkjørsla vil bli lagt slik det er fastsett i veglova av 21. juni 1963 §§ 39-43 som eg har fått avskrift av.
2. Avkjørsla vil bli bygd og vedlikehalde, slik som det vert kravd etter reglar vedtatt av Vegdirektoratet den 16. juli 1964 som eg har fått avskrift av.
3. Løyvet gjeld berre for den stad som er nevnt foran og vist på vedlagte kart/skisse.
4. Løyvet gjeld avkjørsle til: ... hytte for Jorunn Kolstad .....
5. Arbeidet med avkjørsla må ikkje setjast i gong før vegmeister  
.kontoret.på Gjervik..... tlf. .... 350431.....  
er kontakta og har vore på plassen og påvist kva arbeid som skal utførast.
6. Avkjørsla skal utformast i samsvar med vedlagte prinsippskisse.
7. Samankoplinga mellom sidekantane på avkjørsla og næraste kjørebane kant på den offentlege vegen skal verta avrunda med ein sirkel med radius på minst 4,0 m.

8. Frisiktfelta skal ryddast som vist med skravert felt på vedlagte kart/skisse, og med den utstrekning som er målsatt der. Innafor dette arealet må terrenget med planter og andre sikthinder ikkje vera høgare enn 0,5 m over planumlinja for den offentlege vegen. Desse frisiktfelta skal til ei kvar tid haldast rydda.
9. Det blir gitt løyve til ~~ny~~utvida bruk av eksisterande avkjørsle under føresetnad av at andre kan få nytta samme tilknytningspunkt til den offentlege vegen ved seinare busetnad eller avkjørslesanering.
10. Andre vilkår.

Avkjørslepunktet må regulerast slik at krav til svingradius vert tilfredsstillande.  
Skogrydding må utførast for å oppnå tilfredsstillande frisikt.

Vi gjer merksam på at bygningsrådet etter bygningslova § 93 jfr. § 99 har heimel til å nekte igongsetjing av byggjearbeidet/ferdigattest før avkjørsla er opparbeidd i samsvar med vilkåra.

De får med dette løyve til å ~~bygge~~nytt avkjørsla på dei ovannemde vilkåra og på dei vilkår som til ei kvar tid vert sett i veglova og av Vegdirektoratet. Arbeidet må vere utført og avkjørsla teken i bruk innan — to — år. Løyvet fell i motsatt fall bort.

*Audruna Hodne*

grunneigar

*Forum Kolsfald*

søklar

Vegsjefen i Hordaland.

Bergen, den ...23.04.86.....  
Vedlikehaldsavdelinga  
Med helsing

*for Ellen Brown*  
Lars Juvik  
seksjonsleiar

ARKIV



STATENS VEGVESEN  
HORDALAND VEGKONTOR

FERDIGATTEST/GODKJENNING AV AVKJØRSLE

Vegmeisteren i Distrakt R-1  
godkjenner med dette avkjørsle ved  
gnr. 18 bnr. 7 i Lindås  
Eigar/brukar Jorunn Kolstad  
Jfr. løyve av 86/527  
og dei vilkår som er fastsette i løyvet.

Gjerвик  
.....  
Stad


17/7-89  
.....  
Dato

[Signature]  
.....  
Vegmeister




Gjeld som dokumentasjon for bygningsrådet etter bygningslova § 99, jfr. § 60 pkt. 1, samanheldt med §§ 93 og 95, 2. ledd.

Kopi til:

Byggherre .....  
..... kommune, teknisk etat



Lengdeprofil av avkjörsla.



Prinsippskisse

Söklar: JOEUNN KOLSTAD

Sak nr. 336 / 86



B-429/85

ARKIV

00632 070384  
Arkiv nr. 18-7

HORDALAND REGKONTOR  
0527  
775-33

HANDSAMA DEN  
6 DES. 1985  
LINDAS BYGNINGSRÅD

